

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 01.12.2022
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Økonomidirektør Ola Rye

SAKA GJELD: Status på IKT-området og arbeid med informasjonstryggleik i Sjukehusapoteka Vest HF

ARKIVSAK: 2021/782
STYRESAK: 38/22

STYREMØTE: 08.12.2022

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar saken om status på IKT-området og arbeid med informasjonstryggleik i Sjukehusapoteka Vest HF til vitande.

Oppsummering

Saka gjev ei orientering om IKT i SAV og regional samhandling innan digitalisering av legemiddelområdet samt status på arbeid med informasjonstryggleik, herunder leiinga sin årlege gjennomgang av informasjonstryggleik og arbeid med risiko og fokusområder.

Innan IKT drift og forvaltning er SAV organisert med ansvarsområder underlagt Økonomi- og IKT avdelinga i Føretaksleiinga (FAD), men i tett samarbeid med andre stabsavdelingar i FAD og i apoteka.

I samband med utvikling av ny styringsmodell for digitalisering i Helse Vest er det behov for å utforme korleis digitalisering av legemiddelområdet kan utviklast. SAV har mellom anna etablert dialog med Helse Vest IKT om eit meir formelt samarbeid om regional forvaltning av system på legemiddelområdet.

SAV har implementert regional modell for informasjonstryggleik og har rapportering i samband med leiinga sin årlege gjennomgang av informasjonstryggleik (LGG).

Fakta

IKT i SAV og regional samhandling om digitalisering

Kort om organisering av IKT i SAV;

IKT er organisert i 6 ansvarsområde (figur 1) underlagt Økonomi- og IKT avdelinga. Ansvarsområda er delt mellom eit kjedekontor, med forvaltningsoppgåver og brukarstøtte på kjernesystem innan m.a. legemiddellogistikk og lagerstyring, og IKT leiar med ansvar for IKT drift, arkitektur og informasjonstryggleik. Informasjonstryggleik vert og ivareteke av personvernombud (kontorsjef) i SAV.

 Administrasjon og planer	 Informasjons- sikkerhet	 System- og virksomhets- arkitektur	 Kompetanse og opplæring
 Arbeidsprosesser	 Brukerstøtte	 Digital fornying program/prosjekt	 IKT Drift og Forvaltning av applikasjoner


Figur 1; Ansvarsområder innan IKT i SAV

Forvaltning av applikasjoner byggjer på regional modell i samarbeid med HV IKT. SAV har systemeigar og systemansvarsroller for kjernesystem fordelt mellom Økonomi- og IKT avdelinga og Fagavdelinga. Innan Libra/SAP har SAV lokale prosesseigarar som deltek i regionale forvaltingsforum. SAV har over fleire år delteke med erfarne farmasøytar og teknikarar i nasjonal og regional utvikling av logistikk og kliniske system for legemiddelområdet.

Digitalisering av legemiddelområdet i Helse Vest og regional samhandling

Systema innan legemiddelområdet støttar i ulik grad arbeidsprosessar i apoteka og i sjukehusa. Figur 2 (kjelde; Notat til Teknologirådet mars 2022) illustrerer den samla legemiddelkjeda med ei deling mellom system som støttar hhv. forsyningskjeda og behandlingskjeda for legemiddel, samt fag- og utviklingsområder som er gjennomgåande i kjeda (lukka legemiddelsløyfe, grunndata, kunnskap og beslutningsstøtte samt krav til standardisering, konsolidering og regionalisering).

Samanhengar som er illustrert i figuren under vil være nyttig bakteppe i samband med ny styringstruktur for digitalisering i Helse Vest der legemiddelområdet mest sannsynleg vert fordelt mellom ulike område og områdestyrer.



Figur 2; Legemiddelkjeda

Ei rekkje nye system innan legemiddelkjeda vert overlevert til forvaltning dei komande åra. Dette er løysingar som krev **nye** arbeidsprosesser, auka kompetanse, merksemd på risikostyring og auka profesjonalisering og kapasitet. Ny teknologi (eks pakking av eindoser og cyt-robot) vil i tillegg auka teknisk og farmasifaglig forvaltningsbehov på utstyr. SAV (og Helse Vest) vil måtte forholde seg til ulike modellar for forvaltning av ulike system i legemiddelkjeda. Felles er at det vil være behov for farmasifaglege ressursar med kompetanse innan utvikling og fagleg forvaltning av legemiddelsystema. Dette vil medføre oppgavegliding mellom HV IKT, sjukehusføretak og SAV, og mellom sjukehusapotekføretaka (nasjonale modellar).

SAV ser det som både naudsynt og ynskjeleg å delta i regional forvaltning av løysingane innan legemiddelkjeda. SAV er allereie innvolvert i forvaltning av grunndata som legemiddelmaterial og legemiddelprisar i Libra (SAP) via kjedekontoret, og ressursar frå SAV deltek i forvaltning av Meona fra 1.11.22.

Med dette bakteppet har SAV innleia dialog med HV IKT om ei nærare formalisering (OLA – Operational Level Agreement) av samarbeidet med SAV som underleverandør til HV IKT. OLA

vil tydeleggjere ansvar og oppgaver, kvalitetssystem og dokumentasjon, og finansiering av ressurssar. Eit viktig moment er å sikre kontinuitet av ressurssar frå prosjekt og over til forvaltning. Tema for OLA er Meona/Kule-legemiddellogistikk, og andre bidrag innan digitalisering av legemiddelområdet, under dette kliniske prosessar, grunndata og Libra. På seinare tidspunkt kan det bli aktuelt å inkludere andre forvaltingsoppgåver i OLA.

Arbeid med informasjonssikkerhet og personvern

Styringsstruktur og rapportering

SAV har implementert regional modell for informasjonstryggleik og har rapportering i samband med leiinga sin årlege gjennomgang av informasjonstryggleik (LGG); seinast i mars 2022. Siste LGG vart følgjande rapportert (figur 3);

A.2	Måloppnåelse informasjonssikkerhetstiltak Interne tiltak SAV: • Mandat for passord-policy i fagsystemer gitt til faggruppene som har behandlet spørsmålet og kommet frem til en konklusjon og begrunnelse. • Styringssystem for informasjonssikkerhet og personvern er blitt revidert fortløpende etter at foreslåtte endringer i regional mal er vedtatt i SU. • Tiltak for å forenkle systemlandsskap ved utfasing av gammel mellomvare knyttet til lagerrobot (ARX ARiM) er gjennomført. • Videre utrulling av proaktiv overvåkning lagerroboter er gjennomført (men ikke ferdigstilt). Regionale tiltak: • Informasjonssikkerhet er 1 av 5 hovedrisiko-områder med egen tiltaksplan • Gjennomført informasjonssikkerhetskulturundersøkelse i 2021 • Definert fokusområder etter bearbeidelse av resultatet. • Konkret handlingsplan utarbeidet for gjennomføring i 2022-2023 • Gjennomført «skarp» håndtering av «0-dagssårbarhet» med ekstra overvåkning og midlertid stenging av eksponerte tjenester. • Avdekket svakheter i form av for vide tilganger på filområder for ulike tjenester eller manglende kryptering ved overføring av informasjon med medfølgende utbedring
-----	---

Figur 3; Rapportering fra ledelsesens gjennomgang mars 2022

Risikobilete – gjennomgang av ROS analysar og DPIA

Arbeid med informasjonstryggleik tek ma. utgangspunkt i utførte risiko- og sårbarhetsanalysar (ROS) og uførte DPIA (personvernanalysar) for sentrale og/eller nye applikasjonar. Gjennomgang av aktuelle ROS og DPIA viser at det er innslag av høg risiko (raud) i alle applikasjonar. Legemiddelområdet er generelt komplekst og informasjonsflyt har i fleire applikasjonar innslag av særleg personinformasjon som må vernast. Gjennomgang viser at det er definerte tiltak som tek ned risiko i både utviklingsarbeid og forvaltning.

Ein kan spørje seg kva som er akseptabelt risikonivå? Målet bør være at ROS /DPIA vert utført til rett tid og oppdaterte med jamne mellomrom og at konkrete tiltak vert definert. Tiltak i samarbeid mellom systemansvarlege, forvaltarar og leverandør bør gje risikoreduksjon innan

rimeleg tid. Raude risikoar som står over tid vil etterkvart verte uakseptable. I SAV har ein erfart at ROS-analyser har medført vesentlege og naudsynte endringar i utvikling og forvalting (til dømes for nytt produksjonstøttesystem).

Fokusområder informasjonstryggleik

SAV utarbeider årleg aksjonsplan for IKT og informasjonstryggleik. Status og fokusområder i vidare planlegging var handsama i siste leiarmøte (29.11.2022.). Fokusområda er lista nedanfor og er nærare omtala i vedlegg til saka;

- *Systemforvaltning Cytodose*
- *Varslingsrutiner – brudd på personvern*
- *Kompetansetiltak*
- *Informasjonstryggleik – lagerrobot*
- *Nye apotekareal og IKT*
- *Informasjonstryggleik /personvern ved innføring av Orion;*
- *Tiltak frå regional handlingsplan for informasjonstryggleik*
- *Innføring av M365*

Kommentar

IKT og informasjonstryggleik, er komplekse og omfattande område som krev innsikt og ressurssar. SAV erfarer at ny teknologi og løysingar aukar behovet for god kompetanse og kapasitet til å handtere vurderingar og gjennomføre tiltak. I nasjonalt samarbeid er informasjonstryggleik høgt på agenda og SAV arbeider for at det vert sett av tilstrekkeleg ressurssar nasjonalt til felles sakshandsaming og vurderingar.

Konklusjon

SAV har etablert ein struktur for oppfølging av IKT og informasjonstryggleik i samvar med regionale styringsmodeller og styringssystem. Nye system og teknolgi innan legemiddel-området krev auka regional samhandling og samarbeid.

Vedlegg 1;

Fokusområder innan IKT og informasjonssikkerhet;

- *Systemforvaltning Cytodose*; SAV deltek i forvaltning av Cytodose og i prosjekt for oppgradering. Cytodose har høg prioritet i påvente at nytt system for produksjonsstøtte vert ferdigstilt.
- *Varslingsrutiner – brudd på personvern*; SAV har i dialog med HV IKT fått etablert ein tydelegare avtale om at systemeigar og systemansvarlege i SAV vert varsla når det vert avdekka brot på informasjonstryggleik eller personvern.
- *Kompetansetiltak*; Kompetanse for medarbeidarar og leiarar vert på kort sikt sikra ved opplæring i innføringsprosjekt for nye løysingar, og re-opplæring på allereie innførte løysingar (til dømes Libra /SAP) samt etablerte kompetanepaner for nytilsette. Innanfor informasjonstryggleik har personvernombod delteke på GDPR kurs i 2020 . IKT-leiar er sertifisert verksemdsarkitekt og deltek på kurs i ISO-krav ved inngangen til 2023 (ISO27001:2022). Kompetanse bør og inngå som tema i OLA med Helse Vest IKT. Til dømes er det naudsynt at forvaltarar i SAV for Libra deltek på meir spissa kompetansetiltak innan SAP.
- *Informasjonstryggleik – lagerrobot*; SAV har avtalt med leverandør (BD) å rulle ut løysing for Predictive Service (programvare for analyse av driftsparameter som kan indikere service- og vedlikehaldsbehov). BD er ved nasjonal anskaffing vald som leverandør av nye robotar. SAV har hatt avtale med Termiator AS om installasjon en Gatekeeper som varslar om ma. gjenstandar som ikkje er fjerna etter vedlikehald. Avtalane er planagt fornya ved utgangen av 2023.
- *Nye apotekareal og IKT*; Prosjektleiar vil ha behov for støtte til planlegging IKT-infrastruktur (kabling, patching mm) i areala, samt plassering av teknisk utstyr, PC-ar mm. Det er dialog om korleis HV IKT kan støtte prosjekta i både planlegging og gjennomføringsfase. Til dømes med lokal kontaktperson for kvart prosjekt.
- *Informasjonstryggleik /personvern ved innføring av Orion*; Ved innføring av Orion vil SAV tiltrer bransjesamarbeidet om en ny pasientjournal i apotek. Samarbeid om ny journal er regulert av Pasientjournallova §9 som bla. gir føringar for korleis brukarane sin rettar skal ivaretakast og korleis helseopplysningane skal handsamast og sikrast. Det er etablert nasjonalt Samarbeidsstyre som har ansvar for at informasjonstryggleikssystemet (ISMS – Information Security Management System) vert implementert. Lokalt innføringsprosjekt for Orion vil ha ansvar for å legge tilrette for innføring av løysninga.
- *Regional handlingsplan for informasjonstryggleik*; Regional handlingsplan gjev innspel og føring for informasjonstryggleik i SAV. Handlingsplanen tek utgangspunkt i det kunnskapsgrunnlaget frå ma. revisjon utført av Riksrevisjonen i 2020. SAV deltek i arbeidet med IKT leiar og følger opp med lokale tiltak (kommunikasjonstiltak mm).

Tiltak som er særleg relevant for SAV er revisjon av regionalt styringssystem og samording i SAV med nasjonalt ISMS ved innføring av Orion.

- *Innføring av M365*: I regionale planer er innføring i SAV planlagt fra september 2023. Regionalt vert det utarbeid ROS analyse med fokus på risiko og tiltak ved deling av særleg personinformasjon ved etablering av skytjenesta. Aktuelle tiltak vil inngå i planar for innføring av M365 i SAV